

BREVET FRA VOSS KOMMUNE

Hei,
her kjem litt om eBorgar prosjektet vårt.

Voss kommune vil at alle tilsette skal ha eit minimum av datakunnskap fordi me ynskjer å nytta Internett, intranett og e-post som eit verktøy i vår kommunikasjon. I tillegg er det komme krav om bruk av data for nye yrkesgrupper som før aldri tok i ei datamaskin.

Ved å setje eBorgar som eit minimumsnivå på kompetansen til våre tilsette, kan me sikre oss at alle får eit grunnlag til å søkje informasjon og kommunisere ved hjelp av e-post. Dei vil og ha den grunnleggjande kompetansen som skal til for lettare å lære seg bruken av fagprogram.

Hausten 2005 starta Voss kommune med eBorgar prosjektet. Fyrste gruppe bestod av tilsette i pleie og omsorg (plo). Dette er tilsette med høg gjennomsnittsalder og liten eller inga dataerfaring gjennom jobben. Nokre nøkkelpersonar har brukt fagprogram, men ikkje hatt tilgang til e-post og internett. Reaksjonane var mange. Må me dette?? Har klart meg utan før....osv. Dei er opptatt av å ta vare på menneske, ikkje sitje framfor ei datamaskin. Samtidig var det mange som sa at ja dette vil me lære. I oppstartsfasen var motivasjon og informasjon høgste prioritet. Me sa og at dette er obligatorisk for alle, noko som nok sette litt ekstra press og nervar på ein del. Me har brukt ein heil del timar på å prate med, motivere og byggje opp sjølvtiliten på ein del av våre tilsette. I tillegg har me hatt god nytte av at dette har vore noko alle skulle gjera. Dei har støtta og motivert kvarandre.



I gruppe to hadde me ei blanding av sjukeheimstilsette/plo, vikarar og vaktmeistrar. Dei som hørte til på eine sjukeheimen hadde tydeleg fått klarare melding frå sine leiarar om at dette skal me vera med på. Dei stilte alle opp og gjennomførte fortest utan at me måtte purre på nokon. Den andre sjukeheimen kom tregt i gang og me måtte ta ein ekstra runde for å få dei med. Men når dei skjønnte kva dette var, stilte dei mannsterke opp.

Vaktmeistrane hadde alle spurt etter denne type opplæring, for dei ser at moderne bygg i dag vert meir og meir styrt ved hjelp av data. Vikarane i plo er tilsette med mindre eigarkjensle til arbeidsplassen. Der har me og gått ein ekstra runde med påminning om å ta fortesten. Dei er og yngre enn resten av plo og me ser at dei sit inne med ein del av denne kompetansen.

Likevel har me tilsette i slutten av 20åra som ikkje har lært dette på skulen og som heller ikkje har tileigna seg dette sjølv.

Tredje gruppe består av tilsette i barnehage, sfo og assistentar i skulen. (Lærarane har alle tatt word og Internett/e-post Datakortmodular). Dei jobbar i mindre einingar. På den opne dagen me hadde der dei

kunne komme og ta fortesten, fekk me berre ei dame innom. På dei to andre gruppene hadde me mange innom. Dei har truleg fått hjelp på arbeidsplassen sin eller tatt den heime. Eg vil og tru at dette er yngre arbeidstakarar. Det kan bli spennande å sjå kva resultata på fortesten seier om kva kunnskap dei ulike aldersgruppene har. Dette er noko de på Datakortet vil kunne lage statistikk på.

Opplæring:

Me har hatt 2-3 tolmodige instruktørar som nok har fått sett tolmodet på prøve til tider. Opplæringa har vore på 15 timar. Dette er nok i minste laget for heilt nybegynnarar. Likevel har me fått dei fleste gjennom, men skulle gjerne ha sett av meir tid. Det er viktig at "eleven" øver mellom kvar kursdag for å repetere. Dette er det ikkje alle som har hatt høve til og då vert 15 timar for lite når ein ikkje har tatt i ei datamaskin før.

Ein av instruktørane valde ved oppstart av gruppe to å begynne opplæringa på Internett i staden for tekstbehandling. På den måten klarte han å fange interessa til deltakarane. Dei reiste t.d. til London på Internett – fann billetter, kart over undergrunnen, restaurantar, musikalar osv. Me har og fokusert mykje på den private bruken av denne kunnskapen.

Me har og lagt opplæringstida til tider der me ikkje har måtta inn med for mykje vikarar. Og me har hatt tilgang på gode datarom på dagtid.

Kva er viktig?

Informere om kva dette er og kvifor ein må lære dette.

Ha motivasjon for å lære og bidra til å gje motivasjon.

Styrke sjølvtiliten til deltakarane.

Gje tilpassa opplæring.

Solskinshistorie:

Ei av deltakarane kom innom til meg på kontoret og ville takke for opplæringa. "Eg var motstandar mot dette då prosjektet begynte i haust": sa ho. "Men no har eg kjøpt meg datamaskin og fått meg breiband. Eg sit dagleg og surfar på internett og chattar med sonen min som er i militæret. Tenk eg har fått meg datamaskin!! Dette er det beste kurset kommunen nokon gong har gjeve meg."

Slike tilbakemeldingar har eg fått fleire av og det gjev meg god motivasjon til å stå på vidare.

Det nyttar!

Med venleg helsing

Trude Lydvo